

REGLEMENT FOR GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE

Vedtak i Gol kommunestyre 16.06.2009, sak 30.

Gjeld frå 01.07.2009

Ajourført pr 01.01.2011

1. Den som har eit tillitsverv på vegner av Gol kommune har krav på godtgjering for arbeidet sitt i denne funksjonen, etter reglar fastsett av kommunestyret. Godtgjersla blir fastsett gjennom det årlege budsjettvedtaket jf § 42 i kommunelova.

Tillitsverv skal vera knytt til vedtak i kommunestyret eller oppnemning av ordføraren.

2. Godtgjersla til ordføraren blir sett til 90 % av løn/godtgjersle til ein stortingsrepresentant slik denne til kvar tid blir vedteken.

Godtgjersla blir fastsett gjennom eit eige punkt i det årlege budsjettvedtaket.

Viss ikkje kommunestyret eller den kommunestyret gjev mynde fastset anna tidspunkt for når reglementet skal ta til å gjelde, gjeld vedteken godtgjersle det påfølgjande budsjettår frå 1.januar og året ut, utan endring i løpet av året.

I valår for kommunestyreval må det avtroppande kommunestyre endre satsane om det skal vera andre satsar for det nye kommunestyret som startar i oktober i valåret.

3. Dei kommunale godtgjerslene blir fastsette ut frå 100 % frikjøpt ordførar, og med godtgjersler rekna ut frå dette, både for faste og i godtgjersler pr møte. Godtgjersla til ordføraren inkluderer all politisk verksemd i Gol kommune.

For medlemmer av faste organ i kommunen, og med fast godtgjersle, inkluderer også godtgjerslene det arbeid og ansvar som normalt ligg til dei respektive verva.

4. Ordføraren har same rettar til ferie, løn under sjukdom osv som tilsette, og ordføraren er tilmeldt kommunens pensjonsordning for ordførarar i KLP.

5. Faste godtgjersler *) Sjå ajourført tabell pr 01.01.2011 side 5

		%	F.t. kr
a.	Ordførar	100,0	625 093
b.	Varaordførar, medrekna i ordførars ferie	16,0	100 015
c.	Faste formannskapsmedlemer elles	8,0	50 007
d.	Leiarane i Utval for Kultur og Levekår og Utval for Natur og Næring	12,0	75 011
e.	Faste utvalsmedlemer elles i UKL og UNN	6,0	37 506
f.	Leiar i kontrollutvalet	2,5	15 627
g.	Gol Byggdrift KF, inkl Plan- og Byggjenemnda (PBN), styreleiar	6,0	37 506
h.	Gol Byggdrift KF, inkl PBN nestleiar i styret + pr møte	1,0	6 251

Dei som også er medlemmer av kommunestyret, utanom ordførar og varaordførar får godtgjort for kvart kommunestyremøte.

Er faste medlemmer hindra i å møte i sine verv meir enn to gonger samanhengjande blir den faste godtgjersla redusert med 75 % pr mnd i påfølgjande periode, og den som rykkjer opp overtek normalt den faste godtgjersla tilsvarande.

6. Godtgjersle pr møte. *) Sjå ajourført tabell pr 01.01.2011 side 5

	Pr møte for	%	F.t. kr
a.	Kommunestyremedlemene eks ordf./varaordf.	0,20	1 250
b.	Nestleiar i UKL og UNN som fungerande leiar	0,60	3 751
c.	Vara til formannskap, utvala for KL og NN	0,15	938
d.	Medlemmer av kontrollutvalet ekskl. leiaren	0,15	938
e.	Styremedlemmer utan leiar og vara i styret for Gol Byggdrift KF	0,15	938
f.	Vara i enkeltsaker v/inhabilitet o l	0,05	313
g.	Andre møte / ikkje spesifiserte <i>faste</i> organ	0,05	313
g.	Leiar i organ utan fast godtgjersle	0,10	626
h.	Kommunalt tilsette som er valde i partssamansette utval (adm.utvalet)	0,15	938

7. Organ som har fleire funksjonar.

Godtgjerslene som gjeld formannskapet inkluderer også kommuneplanutvalet, del av det partssamansette utvalet (administrasjonsutvalet), formannskapet som økonomiutval og styre for næringsfondet i kommunen.

Godtgjerslene som gjeld utvalet for Natur og Næring inkluderer også kommunens faste utval for plansaker (PBL)

Godtgjerslene som gjeld styret for Gol Byggdrift KF inkluderer også kommunens plan- og byggenemnd.

8. Andre godtgjersler

- Gol Kommunale Eigedomar AS – blir fastsett av generalforsamlinga
- Interkommunale verv som eventuelt ikkje blir godtgjort gjennom det interkommunale samarbeidsorganet, der blir Gols representant(ar) godtgjort etter Gols eige reglement, pr møte, punkt 6.
- Satsane i 6 f og g) er satsar også for utval, arbeidsgrupper og nemnder som kompetent organ opprettar, og som er forutsatt skal ha serskilt godtgjersle, utan at godtgjersla er spesifisert.
- Når utval, arbeidsgrupper, nemnder og liknande blir utpeikt eller valt skal det ansvarlege organet også avklare spørsmålet om godtgjersle, om det skal vera inkludert i godtgjerslene i dette reglementet eller om det skal bli ytt godtgjersler ut over dette reglementet. Budsjettmessig dekning for slike godtgjersler skal også vera klarert.

9. Pass, tilsyn, stell og pleie av barn, sjuke, eldre og andre med serlege behov. Kommunen godtgjer pass av mindreårige barn i barnehage og SFO eller annan dokumentert kostnad for barnepass i møtetida for dei representantane som ikkje har slik plass frå før. Tilrettelegginga gjeld innafor SFO og barnehagane si opningstid. Viss ikkje kommunen kan dekkje behovet innafor eige barnehagedrift

kan også dokumentert private ordningar blir godkjente, med satsar tilsvarande kommunens.

Folkevalde som har ansvar for anna pass, tilsyn, stell eller pleie får dekkja utgiftene den folkevalde blir påført ved å ivareta sine kommunale verv enten gjennom minstesatsen for ulegitimert tappt inntekt eller ved å leggje fram tilfredsstillande dokumentasjon.

10. Tappt arbeidsinntekt

Ulegitimert

Erstatning for ulegitimert inntektstap gjeld berre om den folkevalde faktisk går glipp av inntekt på grunn av vervet som tillitsvalt, dermed misser inntekta og blir trekt i si ordinære inntekt. Det er ikkje nok at tida den folkevalde brukar til sitt offentlege verv, kunne ha vore nytta til andre gjeremål (av privat karakter).

Medlemer og vara som møter har krav på kompensasjon mellom kl 08.00 og 16.00 i normale arbeidstilhøve, elles etter dokumentasjon/yrke medrekna turnusarbeid og for det timetalet dei faktisk får redusert si ordinære inntekt.

Godtgjersle blir betalt ulegitimert, etter f.t. kr 178,- pr time.

Når krav om tappt arbeidsinntekt blir fremma skal likevel den tillitsvalde/folkevalde opplyse om arbeidsgjevar, dvs kven som trekkjer i løn.

Legitimert

Legitimert inntektstap eller anna trekk blir godtgjort i samsvar med dokumentasjon frå arbeidsgjevar eller rekneskapsfører i eige verksemd. Beløpet skal eventuelt vera inkludert feriepengar viss den folkevalde får redusert sitt feriepengegrunnlag gjennom trekket som arbeidsgjevar utfører.

Formannskapet kan fastsetje maksimalsatsar for legitimert tappt arbeidsinntekt.

11. Spesielt for offentleg tilsette, offentleg lønna.

Tilsette i offentleg verksemd, trygda eller andre som får løn eller anna godtgjersle frå offentlege instansar i møtetida, får ikkje vederlag for tappt inntekt, etter som dei ikkje har tappt inntekt på grunn av møteaktiviteten.

12. Skyssgodtgjersle og andre utlegg - til møte, kurs, seminar og liknande

Folkevalde som brukar eigen bil i samband med kommunale verv får godtgjort dette i samsvar med kommunens reiseregulativ.

Bruk av eigen bil kontra bruk av kollektiv transport (og felles transport) skal vera gjennomtenkt ut frå ei vurdering av kostnader, tidsbruk, *miljø og ressursar*. Er kollektiv transport eit reelt alternativ kan også utgiftsrefusjonen vera prisen på det kollektive transportmiddelet.

Innan tre kilometers avstand ein veg blir reisekostnad normalt ikkje dekkja.

Reiseutgifter i tilknytning til kommunale verv blir primært dekkja etter rekning i ettertid, unntaksvis som forskot.

Kostgodtgjering knytt til reiser følgjer kommunens regulativ. Ligg det servering og eventuelt overnatting i reiseopplegget og kommunen på annan måte (kursavgift o l) dekkjer dette, blir satsar og godtgjering regulert der etter.

13. Telefon, data/IKT, annan informasjonstilgang.
Ordføraren har kommunal mobiltelefon og pc og blir skattlagt for dette etter dei reglar som til kvar tid gjeld. Andre folkevalde har ikkje godtgjort generelt for telefon og har heller inga godtgjering spesifikt for bruk av IKT-utstyr

Ordføraren kan godkjenne at andre folkevalde får godtgjort bruk av telefon og anna IKT-utstyr når det er sannsynleggjort stor nok nytte av og dokumentasjon for bruken.

14. Etterløn til ordførar og ev andre folkevalte.
I samsvar med rundskriv. 56/95 og brev 14.08.03 frå Kommunenes Sentralforbund gjeld det for ordførar eller annan folkevald i meir enn halv tid rett på etterløn
- i 1,5 månad dersom vedkomande har eit arbeid å kome attende til etter end teneste
 - i 3 månader dersom vedkomande ikkje har eit arbeid å gå attende til.

15. Lokale parti og grupper i kommunestyret

Tilskot

Kommunestyret følgjer opp partilova (lov frå 17.06.2005) med årleg å yte tilskot til parti og grupper som er representerte i Gol kommunestyre.

Kvart år skal kommunestyret sjølv fastsetje beløpet i budsjettvedtaket. Fordelinga gruppene i mellom følgjer dei reglane som blir fastsett i nemnde lov, viss ikkje kommunestyret sjølv kan fråvike desse reglane.

F.t. er det *kommunale* tilskotet pr gruppe i kommunestyret knytta til registrert parti eller faktisk gruppering, med kr 500 i grunntilskot og kr 1.900 pr representant. Blir det budsjettert meir i budsjettvedtaket, blir rådmannen gitt fullmakt til å utbetale etter denne fordelingsnykjelen.

Møterom på Gol kommunehus

Parti og grupper som er med i kommunestyret har rett på møtelokale på Gol kommunehus. Det blir ikkje kravd betaling for desse. Gruppene tingar rom etter kvart, etter behov og så langt det er ledige møterom.

Partia og gruppene må følgje dei rutinar som kommunen til kvar tid har for tilgang til og bruk av hus og møterom.

16. Gjennomføring og oppfølging av reglementet.
Faste godtgjersler blir utbetalt i samsvar med rutinar som kommunen har for lønsutbetaling til sine tilsette.

Krav på variable godtgjersler kan skje for kvart møte eller kvartalsvis og *skal* skje *minst to gonger for året* eller slik administrasjonen krev det ut frå rutinane i kommunen.

Formannskapet kan gjera mindre endringar, inkl tillegg. Kommunestyret får melding om slike endringar.

Reglementet erstattar reglement opprinneleg vedteke 10.10.1995.

Ut frå punkt 8 i budsjettvedtaket 14.12.2010 og punkt 2 i reglementet blir satsane nå endra frå **01.01.2011** ut frå årsgodtgjersla for ordførar på kr 651 690

Faste godtgjersler

		%	Kr pr mnd
a.	Ordførar	100,0	54 308
b.	Varaordførar, medrekna i ordførars ferie	16,0	8 689
c.	Faste formannskapsmedlemer elles	8,0	4 345
d.	Leiarane i Utval for Kultur og Levekår og Utval for Natur og Næring	12,0	6 517
e.	Faste utvalsmedlemer elles i UKL og UNN	6,0	3 258
f.	Leiar i kontrollutvalet	2,5	1 358
g.	Gol Byggdrift KF, inkl Plan- og Byggenemnda (PBN), styreleiar	6,0	3 258
h.	Gol Byggdrift KF, inkl PBN nestleiar i styret + pr møte	1,0	543

Godtgjersle pr møte.

	Pr møte for	%	kr
a.	Kommunestyremedlemene eks ordf./varaordf.	0,20	1 303
b.	Nestleiar i UKL og UNN når fungerande leiar *)	0,60	3 910
c.	Vara til formannskap, utvala for KL og NN	0,15	978
d.	Medlemer av kontrollutvalet ekskl. leiaren	0,15	978
e.	Styremedlemer utan leiar og vara i styret for Gol Byggdrift KF	0,15	978
f.	Vara i enkeltsaker v/inhabilitet o l	0,05	326
g.	Andre møte / ikkje spesifiserte <i>faste</i> organ	0,05	326
g.	Leiar i organ utan fast godtgjersle	0,10	652
h.	Kommunalt tilsette som er valde i partssamansette utval (adm.utvalet)	0,15	978

*) ikkje pr møte